
Saksnr: 2020/49095-20
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

Stortingsvalet 2021 - røystesetlar til listestillarane

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

Fylkesvalstyret skal syte for å trykkja røystesetlar til bruk for valstyra ved stortingsvalet, både til førehandsrøystinga og til valtinget. Dei som stiller lister kan krevja å få trykt det tal røystesetlar til eige bruk som dei ønskjer. Dette er fastsett i valforskrifta.

I denne saka vert fylkesutvalet bedt om å ta stilling til om listestillarane skal bestille røystesetlar for eigen rekning, eller om fylkeskommunen skal stå for kostnadane ved trykking og levering. Eit vedtak bør presisere eventuelt tal per listestillar for kvart valdistrikt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er kome inn 40 listeforslag til stortingsvalet 2021 fordelt på dei to valdistrikta når fristen gjekk ut 31. mars 2021.

- Valdistriktet Sogn og Fjordane: 18 listeforslag
 - Høgre
 - Kristeleg Folkeparti
 - Senterpartiet
 - Sosialistisk Venstreparti
 - Venstre
 - Miljøpartiet Dei Grøne
 - Alliansen - Alternativ for Norge
 - Industri- og Næringspartiet (INP)
 - Pensjonistpartiet
 - Liberalistene
 - Fremskrittspartiet
 - Partiet Sentrum
 - Arbeidarpartiet
 - Demokratene
 - Helsepartiet
 - Raudt
 - Partiet De Kristne
 - Kystpartiet

- Valdistriktet Hordaland: 22 listeforslag
 - Senterpartiet
 - Sosialistisk Venstreparti
 - Høgre
 - Kristeleg Folkeparti
 - Alliansen - Alternativ for Norge
 - Piratpartiet
 - Raudt
 - Partiet Sentrum
 - Venstre
 - Miljøpartiet De Grønne
 - Arbeidarpartiet
 - Industri- og Næringspartiet (INP)
 - Pensjonistpartiet
 - Fremskrittspartiet
 - Liberalistene
 - Partiet De Kristne
 - Folkeaksjonen Nei til mer bompenger Vestland
 - Demokratene
 - Helsepartiet
 - Norges Kommunistiske Parti
 - Kystpartiet
 - Generasjonspartiet

Etter vallova § 7-1 nr. 1 skal fylkesvalstyret syta for å trykkja røystesetlar til fylkestingsvalet. Dette er røystesetlar til bruk for valstyra ved førehandsrøystinga og røystinga på valtinget.

Etter valforskrifta § 21 kan den tillitsvalde for den enkelte vallista for eiga rekning krevja å få det tal røystesetlar som vedkomande ønskjer. Krav om dette må setjast fram innan den fristen som valstyresmaktene set. Leiar for fylkesvalstyret har fått delegert mynde til å fastsette denne fristen. Frist for listeforslagsstillar til å bestille røystesetlar til eige bruk er sett til 9. mai.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har inngått rammeavtale med trykkeriet Andvord AS for trykking og distribusjon av røystesetlar for valet 2021. Vestland fylkeskommune har følgd tilrådinga og gjort avrop på rammeavtala til departementet.

Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane fylkeskommune har partia bestilt trykking og levering av røystesetlar for eigen rekning.

Tingingane frå listestillarane ved Stortingsvalet 2017 i Sogn og Fjordane:

Demokratene i Norge	0
De Kristne	0
Arbeiderpartiet	0
Framstegspartiet	0
Høgre	0
Kristeleg Folkeparti	0
Kystpartiet	0
Miljøpartiet dei Grøne	2.000
Piratpartiet	0
Sosialistisk Venstreparti	0
Senterpartiet	0
Venstre	0
Sum bestilling	2.000

Hordaland

Frå og med stortingsvalet i 2005 har fylkesutvalet i Hordaland fatta vedtak om kor mange røystesetlar fylkeskommunen dekker for partia.

Fylkesutvalet sine vedtak om kostnadsfrie røystesetlar/lister til partia er slik:

Stortingsvalet 2013	75.000 lister pr. parti
Stortingsvalet 2017	75.000 lister pr. parti,

Listestillarane hadde høve til å tinga kor mykje ein ønskja, men måtte betale for det som var over talet som fylkeskommunen hadde fastsett.

Tingingane frå listestillarane ved Stortingsvalet 2017 i Hordaland:

Alliansen	25.000
Byluftlisten	-
Demokratene	50.000
De Kristne	75.000
Det norske Arbeiderparti	75.000
Folkemakten	-
Fremskrittspartiet	75.000
Helsepartiet	10.000
Høyre	75.000
Kristeleg Folkeparti	20.000
Kristent Samlingsparti	-
Kystpartiet	20.000
Liberalistene	75.000
Miljøpartiet dei Grøne	75.000
Noregs Kommunistiske Parti	-
Pensjonistpartiet	-

Piratpartiet	10.000
Raudt	30.000
Sentrumsalliansen	-
Sosialistisk Venstreparti	30.000
Senterpartiet	5.000
Venstre	15.000
Sum bestilling	615.000

Vestland

I forkant av fylkestingsvalet i Vestland fylkeskommune fatta fellesnemnda slikt vedtak i PS 25/2019:

«Modellen som Hordaland fylkeskommune har nytta vert lagt til grunn for fylkestingsvalet 2019. Tal på røysetetar til partia vert sett til 75000.»

Tingingane frå listestillarane ved fylkestingsvalet 2019 i Vestland:

Framstegspartiet	75.000
Liberalistene	7.000
Demokratane	20.000
Venstre	5.000
Sosialistisk Venstreparti	30.000
KRF	50.000
FNB	75.000
Piratpartiet	10.000
Helsepartiet	5.000
NKP	7.500
Partiet De Kristne	75.000
Høgre	55.000
SP	75.000
A	50.000
Rødt	25.000
Miljøpartiet De Grønne	-
Pensjonistpartiet	-
Sum bestilling	564.500

Den totale mengda røysetetar til fylkestingsvalet i 2019 var 5 078 100 røysetetar til sum på 3 426 230 kr.. Dette er inkludert både første trykk og levering til alle kommunar og parti. Bestillinga til partia er ca. 10% av denne mengda.

Erfaring seier at det vert tinga noko fleire røysetetar til stortingsval enn til fylkestingsval.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i denne saka basert på punkt 2.1.7. «Andre oppgåver», reglementet for utvalet:

«Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.»

Vurderingar og verknader

For at fylkesrådmannen skal kunne følge opp eit vedtak i denne saka bør det kome tydeleg fram kva ramar som skal gjelde per listestillar per valdistrikt.

Økonomi:

I fylkestingsvalet for 2019 tok Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune kostnadane for trykking og distribusjon av røystesetlar til partia. Om fylkesutvalet vedtek at partia skal få tinge utan kostnad, i dei same ramane som i 2019, vert det ingen markant auke i kostnadar frå fylkestingsvalet 2019. Om fylkesutvalet vedtek at partia må betale for trykking og distribusjon vert kostnadane noko mindre for stortingsvalet 2021.

Konsekvensane av vedtaket til fylkesutvalet i denne saka vert synlege på budsjettpost for val.

Konklusjon

Fylkesrådmannen kjem ikkje med eit forslag til vedtak i denne saka. Den vert lagt fram for fylkesutvalet for drøfting og eit ønskje om at fylkesutvalet gjer eit vedtak i saka. Eit vedtak bør seie noko om kostnad for partia å tinge røystesetlar, og om dei skal få eit visst tal utan kostnadar. Eit vedtak bør presisere kostnad per listestillar i kvart valdistrikt.